

Formannskap si handsaming av sak 109/2022 i møtet den 17.11.2022

Røysting

Framlegg frå Hilde Alice Vågslid, Ap:

Reinholdsstilling ved Åheim bufellesskap og Høydalsmo Alderspensionat.

Planarbeid for nybygg/vedlikehald Tokke skule:

500 000 flyttast frå 2024 til 2023. Samla budsjett 2023: 1 000 000 til utredning av nybygg.

Framlegg i møtet:

Kommunedirektøren si tilråding blir vedtek med dei endringar som kjem fram av tilleggsnotat dagsett 12.11.22.

Det var fyrst røysta over framlegget til Vågslid (reinholdsstilling):

Vedteke med 4 - 3 røyster. Jarand Felland, Thor Arne Heggveit og Sverre Bakke stemte imot.

Røysting over framlegget til Vågslid (Tokke skule):

Fall med 4 - 3 røyster. Ap stemte for framlegget.

Framlegg i møtet var samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding blir vedtek med dei endringar som kjem fram av tilleggsnotat dagsett 12.11.22.

Midlar til reinhaldar til Åheim og Alderspensionatet i Høydalsmo vert tatt inn i budsjettet.

Administrasjonsutval si handsaming av sak 13/2022 i møtet den 17.11.2022

Røysting

Framlegg frå Utdanningsforbundet:

Planområde 2, Planarbeid for nybygg/vedlikehald Tokke skule:

500 000 flyttast frå 2024 til 2023. Samla budsjett 2023: 1 000 000 til utredning av nybygg.

Framlegg frå Fagforbundet og Utdanningsforbundet:

Planområde 2. OKI.

Pr. i dag har Tokke Kommune ei Lokal Særavtale om Arbeidsklede, såkalla SGS 1002 Arbeidstøy og musikkinstrument. Denne avtale er for så vidt ok når det gjeld helse- og omsorgsetaten og PNT, men held etter vårt syn ikkje heilt mål når det gjeld oppvekstetaten. Pr i dag er beløpet i budsjettet på kr. 50000,- i året.

Dette inneber at:

Dei tilsette i barnehagen får: Utedress, alt. bukse og jakke, regntøy, støvlar og vintersko.

Dei tilsette i skule får: Treningsdress og joggesko (kroppsvøvinglærer minimum 20% stilling

Forkle og kjeledress på staden for lærerar med mat og helse/ sløyd.

Dei tilsette i SFO får: ingenting.

Organisasjonane ynskjer og reforhandle denne avtala, då arbeidstakerane opplever at dei øydelegg mykje privat tøy på jobb. Gjennom ein arbeidsdag i barnehagen og på Sfo er det mykje som skjer. Dei tilsette krabbar rundt på golvet og i sandkass med ungane. Det skjer dagleg ulike formingsaktivitetar som inneber at kleder vert øydelagt av måling, lim og liknande. Eit ana aspekt i dette er at dei tilsette ikkje kan bruke mykje tid til å bytte kleder, når det er endring av aktivitetar. Difor ynskjer me at dei tilsette skal få ei klesavtale som inneber meir enn det det gjer i dag.

Etter vårt syn bør ei ny avtale i barnehagen innehalde : Vind-/allværsjakke, 2 stk fleecjakke, 2 Turbukse/ arbeidsbukse, Tynn vindjakke til vår og haust, collegegenserar, t-skjorter, ullundertøy, lue, vottar, hals/buff, i tillegg til det dei allereie har.

I SFO trengs det arbeidstøy omlag på lik linje som i barnehage.

I skulen bør det som eit minimum vera kleder for lærerar som har uteskule.

Når det gjeld sko har helse ei sko avtale på kr.200 000,- i året. Dette bør det vera i oppvekst og. Dei tilsette må få sko som høver til alle årstider og dei må få minimum eit par innesko i året.

Avtala må vera slik at dei får nytt ved behov, slik det er på PNT.

På bakgrunn av dette kjem legg arbeidstakar organisasjonane inn eit forslag om nytt tiltak på Planområde 2. OKI

Forslag til nytt tiltak 2.13.

Auke budsjettet med kr. 200 000,- til sko + kr. 200 000,- til klede.

Planområde 3 Helse og omsorg

Nytt tiltak 3.1. K.styresak 8/2022 Auke i løn på sjukeheimen grunna rekrutteringstiltak.

Slik det er i dag får alle som er tilknytt institusjon eitt tillegg på kr. 20 000,- på natt. Nattevaktene jobbar som eit team, uavhengig av kor dei er tilsett. Dette var som ei fylgje av innsparingar for eit par år sidan.

Forslag til endring av Nytt tiltak 3.1.

Arbeidstakarorganisasjonane be om at denne posten vert auka, frå kr. 924 000,- til kr. ????????

slik at det omfattar alle nattevaktene, uansett om dei er tilsett i heimetenesta el på institusjon.

Planområde 4 Plan, næring og Teknisk

Nytt tiltak 4.12.

Reinhalдар til omsorgssenteret veldig bra.

I saksframstillinga står det at ein skal vurdere om reinhaldet ved Åheim skal utførast av reinhalderane i kommunen. Åheim har eit høgt sjukefråvær og det må vera betre at dei nyttar personalet på ein meir hensiktsmessig måte opp mot brukarane.

Vask av alderspensjonatet i Høydalsmo bør og bli utført av reinhalderar.

Kor store stillingar dette vil innebere veit me ikkje, men det tenkjer me at PNT klara å finne ut av ganske raskt.

Forslag til Nytt tiltak 4.14

Middlar til reinhalдар til Åheim og Alderspensjonatet i Høydalsmo vert tatt inn i budsjettet

?? % stilling utgift kr ??????,-

Framlegg i møtet:

Kommunedirektøren si tilråding blir vedtek med dei endringar som kjem fram av tilleggsnotat dagsett 12.11.22.

Røysting:

Framlegg frå Utdanningsforbundet var vedteke med 5 – 4 røyster. Sp og MDG stemte imot.

Framlegg frå Fagforbundet/Utdanningsforbundet planområde 2 fall med 7 – 2 røyster. Fagforbundet og Utdanningsforbundet stemte for framlegget.

Framlegg frå Fagforbundet/Utdanningsforbundet planområde 3 fall med 7 – 2 røyster. Fagforbundet og Utdanningsforbundet stemte for framlegget.

Framlegg frå Fagforbundet/Utdanningsforbundet planområde 4 var vedteke med 6 – 3 røyster. Sp stemte imot framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding med endringane som kom fram i møtet var samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding blir vedtek med dei endringar som kjem fram av tilleggsnotat dagsett 12.11.22.

Planområde 2, Planarbeid for nybygg/vedlikehald Tokke skule:
500 000 flyttast frå 2024 til 2023. Samla budsjett 2023: 1 000 000 til utredning av nybygg.

Middlar til reinhaldar til Åheim og Alderspensionatet i Høydalsmo vert tatt inn i budsjettet.

Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 43/2022 i møtet den 16.11.2022

Røysting

Framlegg i møtet:

Auke ramma til landbruksplanen til kr 1,6 millionar.

LMT ynskjer at det arbeidast for å få lærlingar ved planområde 4, Plan, næring og teknisk.

LMT ynskjer at arbeidet med takutstikk/bygging av skur ved Dalen barnehage startar i 2023.

Kommunedirektøren si tilråding vert teken til orientering med endringane som kom fram i møtet .

Vedtak

Budsjett 2023 vert teke til orientering.

Auke ramma til landbruksplanen til kr 1,6 millionar.

LMT ynskjer at det arbeidast for å få lærlingar ved planområde 4, Plan, næring og teknisk.

LMT ynskjer at arbeidet med takutstikk/bygging av skur ved Dalen barnehage startar i 2023.

Oppvekst, kultur og idretts utval si handsaming av sak 23/2022 i møtet den 08.11.2022

Røysting

OKI utvalet gjekk berre gjennom det som handla om planområde 2
Kommunedirektørens tilråding i høve planområde 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

OKI utvalet tek budsjett 2023 til orientering.

Helse og sosialutval si handsaming av sak 19/2022 i møtet den 08.11.2022

Røysting

Tilleggsframlegg frå Ellen Ofte Jakobsen, KrF:

Arbeidet med forsterka omsorgsbustad må prioriterast i 2023.

Det var røysta over kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget til Jakobsen var samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023, med vedlegg, jf pkt 11 og 12 i vedlegg 1 (tabell1, 2, 3, 4, 5 og 6) skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 13.12.22.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3,0%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.
Kommunedirektøren delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Kommunedirektøren justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. Konesjonsavgiftene for 2023 – kr 8,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 4,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar 4,0 mill).
- e. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2023 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 9 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 3,0% i 2023. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 i HP.

4. Budsjetttiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjetttiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2023 i tråd med tabell 2 og 5 i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån med inntil 31 mill. kr. i 2023.

8. Eigedomsskattevedtak for 2023

a) Verkeområde:

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

Det skal i tillegg skrivast ut eigedomsskatt på dei same verk og bruk som i 2023, og som frametter blir rekna som næringseigedom – jf overgangsregel til eskl § 3.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf eskl. § 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 38 øre for 2023, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2023 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 870 000, i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

11. Lærlingar og tillitsvalde

Administrasjonen får fullmakt til å omfordele lønsmidlar til lærlingar og tillitsvalde mellom planområda. Desse utgiftene skal fylgje ansvarsområdet der dei til vanleg arbeider.

12. Integrering

Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere og budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med integreringsarbeidet og statlege integreringstilskot.

Arbeidet med forsterka omsorgsbustad må prioriterast i 2023.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 8/2022 i møtet den 07.11.2022

Røysting

Tilleggsframlegg frå Tove P. Haavelmoen:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunedirektøren greie ut om det er mogleg å etablere ei informasjonsblekke (bygdenytt) for Tokke kommune, og visar til dømes til slike som kjem ut i Fyresdal og i Valle kommunar.

Kommunedirektøren si tilråding og tilleggsframlegget frå Tove P. Haavelmoen vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023, med vedlegg, jf pkt 11 og 12 i vedlegg 1 (tabell 1, 2, 3, 4, 5 og 6) skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 13.12.22.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3,0%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.
Kommunedirektøren delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Kommunedirektøren justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. Konesjonsavgiftene for 2023 – kr 8,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 4,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar 4,0 mill).
- e. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2023 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 9 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 3,0% i 2023. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 i HP.

4. Budsjettiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjettiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2023 i tråd med tabell 2 og 5 i budsjettframlegget/HP.

7. Låneoptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån med inntil 31 mill. kr. i 2023.

8. Eigedomsskattevedtak for 2023

a) Verkeområde:

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

Det skal i tillegg skrivast ut eigedomsskatt på dei same verk og bruk som i 2023, og som frametter blir rekna som næringseigedom – jf overgangsregel til eskl § 3.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf eskl.§ 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 38 øre for 2023, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2023 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 870 000, i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

11. Lærlingar og tillitsvalde

Administrasjonen får fullmakt til å omfordele lønsmidlar til lærlingar og tillitsvalde mellom planområda. Disse utgiftene skal fylgje ansvarsområdet der dei til vanleg arbeider.

12. Integrering

Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere og budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med integreringsarbeidet og statlege integreringstilskot.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunedirektøren greie ut om det er mogleg å etablere ei informasjonsblekke (bygdenytt) for Tokke kommune, og visar til dømes til slike som kjem ut i Fyresdal og i Valle kommunar.

Eldreråd si handsaming av sak 13/2022 i møtet den 31.10.2022

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023, med vedlegg, jf pkt 11 og 12 i vedlegg 1 (tabell1, 2, 3, 4, 5 og 6) skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som følgjer av kommunestyret si handsaming. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 13.12.22.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3,0%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det. Kommunedirektøren delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Kommunedirektøren justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. Konesjonsavgiftene for 2023 – kr 8,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 4,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar 4,0 mill).
- e. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2023 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 9 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 3,0% i 2023. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 i HP.

4. Budsjettiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjettiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2023 i tråd med tabell 2 og 5 i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån med inntil 31 mill. kr. i 2023.

8. Eigedomsskattevedtak for 2023

a) Verkeområde: For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

Det skal i tillegg skrivast ut eigedomsskatt på dei same verk og bruk som i 2023, og som frametter blir rekna som næringseigedom – jf overgangsregel til eskl § 3.

b) Eigedomsskattesats: Eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf eskl. § 11 fyrste ledd.

c) Terminar: Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 38 øre for 2023, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2023 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 870 000, i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

11. Lærlingar og tillitsvalde

Administrasjonen får fullmakt til å omfordele lønsmidlar til lærlingar og tillitsvalde mellom planområda. Desse utgiftene skal fylgje ansvarsområdet der dei til vanleg arbeider.

12. Integrering

Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere og budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med integreringsarbeidet og statlege integreringstilskot.
